

Emnenr. 64

Fylke: Lagn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand

Emne: Død og gravferd.

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåheim

Gard: Skåheim

(adresse): Balestrand

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja nok

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Spjenn Innstebø, Grøneng, Balestrand, 87 år.  
 Kulegraver i mange år.

## SVAR

1. Vardet inn dauden var at dei var sjuke. Mange "kjende det på seg" - at dei var feige = skulde døy. Mange stader var det avbrå av kattugla varsla dødsfall. Men den brui hev kome burt no. Kloke og synske hundar kunde varsla dødsfall. Og det høyrdest som hundar - eller den måte han gøyde på - ofte kom nor den han vilde bita - eller jaga burt. Serleg i måneljose natter gjest slike hundar ute og gøyde ille kring stinet heile natti. Når den feige var død heldt hundan upp med den gøyngi -
2. Det som var vise i lyarla var alltid pyrebudde på å døy. - Men varel av serlege hendingar rekna dei ikkje på.
3. Ved vorku preista sume etter regni å på gnyde på kven som var feig i året. Men slike varsel var ikkje å lita på.
4. Sum synske folk såg daudingar



fylgjet. Dei såg kjende folk  
 gjekk med i det fylgjet. Dei som  
 gjekk fremst var dei fyrste som  
 laut døy. Etter segni såg dei  
 korleis kjende folk skiftet plass i  
 den daudingaperti- eller daut-  
 ingefylgjet. Når dei kom fremst  
 var det visse på at dei var  
 flige. Ein synsk mann såg fyre-  
 fert. Han såg daudingane dauste  
 på vollen. Her er mange døme  
 på at folk som ein må tru taler  
 sanning har høgt slag som av  
 bord- når dei vert kasta-  
 framfor utenke dødsfall. Dagen  
 etter har dei set- og høgt  
 same slag- når likkistebord har  
 vore heita. - To synde bønder  
 sat ein sumpvadd i timet.  
 Brått såg dei det lyse på  
 dei aplatot. Dei reiste seg og  
 vilde sjå kva det var. Men det  
 var ikkje noko uvanleg i  
 finna. - Dagen etter vart ein  
 mann i det timet drepen av  
 ein bjørn. Fire menn kom  
 brante med det liket - og  
 sette det ned apalen. Blod frå  
 liket rann ned på aplatoti  
 soleis som dei hadde set  
 gjøset kvelden fyreåt. - Dette  
 såg både dei mennene som  
 hadde rundra seg over den  
 gjøskan dei hadde set ned apla-  
 toti. Dette hende 1880. -



5. "Helligmaur" er eit ukjent ord her. Men "feigdalus" kalle folk i m. Lusa, posen var på ryggen. Der heldt feigdalus til. Tyre dødrfallet gjekk det hol på skinnet, og lūs kramp ut i so stor mengd at det krante lūs alle stader både på kropp og blode. - Ei gamal kona visste vel i m. at delle hadde huddt på ein gard. -

6. Helhingur er ukjent ord her. Men gamle folk kalle i m. kor i m. åtelag svake - (trådde etter m. åt) mange vart eit bil for dei skulde døy. Dei var i m. åtande. Slik m. åtning nemnde dei feigda = græden. Friske folk som gikk i hardt arbeid künde seja at dei vart grædande svalfne. -

Dødslega -

7. Dei hadde ingi trå i m. hvor ein helst skulde døy - og dei flykte i skje sengi med tenke på det. -

8. Ukjent her -

9. Det hende at dei som låg, og skulde selast tykte dei fekk for lite frisk luft. Då opna dei ljoven eller glasset -

10. Det var vanleg at dei som vart liggjande og venta på døden - sende bud eller preste. -

11. Det var stor høgtid i heimen når presten kom til den sjuke - Dei vaska og pynta heimen



som til ei stor helg, - og kvar  
 eller si råd gjorde det so fest-  
 legst som dei künde. For mange  
 i heimen vart dette iugløymande  
 dagar. Folk i heimen - og gantiger  
 i grundi, slike som lite var god  
 til å fara til kyrkje - var i lag  
 med den sjuke til nattverd. Dei  
 hadde då samla seg kring prestens  
 attmed den sjuke, - som låg i sorge!  
 Dei rekna det sers verdfullt at  
 dei til minne um Jhu frødes-  
 verk - og til tittu på hans  
 kraft til livens oppstode künde  
 få njota nattverd saman med  
 ein kjor, som dei visste snart  
 skulde dø. Denne heilage hendingi  
 gjorde og mykje til at det  
 kom stille frød i hugen på  
 den sjuke, - og det kom i stork  
 var til dei som skulde leva att  
 i heimen. Ved den hjartelege  
 måte prestens künde gjera dette på  
 kyttle han folketungen til seg, - og  
 hendingi künde få verd for dei  
 som ofte elles syntu liten godting  
 til kristeleg tret og arbeid med  
 å halda hui levande. -

Ende dette i heimen, der  
 di ikkje künde gjera noko for  
 prestens reiste han allstraks han  
 var ferdig med nattverden - og  
 hadde lala med - og teke siste  
 avspil med den sjuke. - Var det



på gade-gaardar som låg langt  
frå prestgarden vart presten eller  
nærkerden bidden til middag  
i lag med husbonden på garden  
- og ofte i lag med nokre av  
dei mest vordne bøndene i  
grendi - Både for det kristelige  
sambandet - og for godt granne-  
lag vart slike minne sers vert-  
fulle. -

12. Når dei skyna at det vart dåden  
sende dei bad til dei norskylde,  
som gjerne vilde helsa på den sjuke  
for riste-gong. Det hende og at  
det på sokkeringi vart oppgjort  
mellom grannar um gamal strid  
- og signing vart lese eller sagt  
til dei som skulde leva att -  
Slike minne frå ei avskiltsind  
kunde verta til styrking for ei att.  
Det er og døme på at ein borte-  
far - ein - av dei siste dagar han  
levde - velsigna dei yngste av  
si att. Han sa då kva han  
vilde gjera, og han bad den  
ringje gutten eller gjenta leggja  
seg på kne med sjukeringi. -  
For dei som fekk slike signande  
bender over hovudet sitt vart det  
heilage minne. -

13. Dei som hadde vore vorne med  
å halda god orden i det dei  
arbeidde med sa ofte greiddt  
i frå korleis grovpet og skifte  
skulde vera. Ei kona sa at då



mannen hennar var død - slapp  
ho å tenkja på korleis alt skulle  
verta. Ho kunde berre fylgja den  
avgjerd som mannen hennar  
hadde teke i alle måtar.

4. Tidi mellom dødifallet og gravferdi.

14 Det mest vanlege ord som dei  
nyttla her var - selast. -

15. Dei lydde etter inn dei anda-  
eller kjende etter inn hjarta sloz.  
Dei kjende og på kroppen - inn han  
var vorken kald. Nokk av det  
første dei kjende på var føtene.  
Dei talte inn at dei selast  
nedanifrå. Føtene var dei først  
livlaure. For dei som dögde  
på den måten tok det lengst  
tid for dei sovna heilt inn. -

16 Ukjent her -

17. Dei lagde straks ned augneloki

18. Dei tok ein klut under hoka  
og knytte han over hovudet so  
fast at munnen var attlaten.

19 Um dødifallet sende dei først  
melding til næraste skyldfolk  
og næraste grannar.

20 Slik vitung var send på  
snøggarte - og lettaste måte -  
og det var noko heilt anna  
enn jordferdsbodi -

21. Ukjent her. Men trøfarte hundar  
synte ofte teiken på sorg; når  
husbonden var død -

22 I det romet der den avlidne hadde



selast let dei fyrst opp glaset -  
Det er ukjent her at dei stogga  
klokka. -

23. Liket tok dei ofte straks  
ut av sengi - og "lagde det  
fram" - jammast på eit bord.  
Det kunde og at dei let liket  
vera i sengi til kista var  
ferdig. Det var ikkje alltid i  
hasti gjort å få laga ei skap-  
leg likkista. Det kravde både  
gode bord - og ein dugande  
snekker. Med tanke på dette  
var det mange trossfulle  
menneske som hadde likkista si  
ståande podig - lenge före dei  
var sjuke. Kom det so uventa  
dødsfall i stii eller gundi  
var kista nytta - til den  
fyrste som fall frå. Det kunde  
sleis at ein mann kunde få  
si likkista laga mange gonger;  
avdi kista vart nytta til  
andre. -

24. Hadde dei ikkje kista ferdig  
lagde dei jammast liket på  
eit stort bord - med det same  
dei tok det ut av sengi.

25. Det kunde vera so yms.  
Dei hadde jammast ein kvitel  
eller åplode under liket på  
bordet.

26. Talkeingi av ordet "likstrå"  
er noko uklår - tinn "det gield  
halmen i sengi der den avlidne



døydde - eller um det var det  
 liket hadde under seg i kista.  
 Kanhende kan ordet rykkest i bae  
 disse meninger. Men i kista  
 var det her hvelasjon som  
 var lagt under liket -

27. Sengehalmen var brend straks  
 eller dødsfallet. Forleg var dette  
 gjort normalt og fort i um det  
 var smittsam sjukdom. -

28. Arbeidsklæde - og sengeklæde  
 var ikkje brende. - Dei var  
 kokte og godt reingjorde -

29. Lipestrømpe - inderlaget for liket  
 flegde kista.

30. Dei vaska - og "pynta liket"  
 straks dei tok det ut av sengi -

31. Det var alltid ei morskyld  
 kvinna som gjorde det. Det var  
 rekna for ei òra. Det hende  
 at kvinner hadde tinga seg  
 retten til det fyre dødsfallet.

32. Liket var pynta - alt  
 etter som rådri kunde vera.

33. På kvinner var låret  
 fint stelt. Men var ofte  
 klippet - og fint kjemde -

34. Det var ofte so at menn  
 hadde skjegg - og da var  
 skjegget fint klippet. Det hende  
 og at dei var raka - (barberte),  
 men det var mer sjeldan. -

35. Armane var jamrast under  
 lakent, so heddene syntu ikkje. -

36. Ja. -



37. Ukjent her -

### Likkbløde.

38. Dei sa sveipa liket. -

39. Likkblødi nemnde dei likblaken -  
eller likkløde. -

40. Likblakenet var so stort at  
ein skulde kunna sveipa heile  
liket vel inn i det -

41. Ukjent her -

42. Nei

43. Det er ukjent her at brud-  
gomskjorta - eller brudavok  
vart nytta til likeskjorta -  
Mange hadde likeskjorta - og  
likklødi liggjande forðige

44. Likkblødi skulde helst vera  
av lin. Men kommitt vart og  
nyttar

45. Det kunde vera so ymse.

46. Ofte hadde dei kvile,  
sydde sokkar på liket, sko  
hadde dei sjilkan på liket. -

47. Konar hadde ofte ei kvit  
linhva. Her er døme på at  
ei kona avgjorde sjølv kva  
for ei hua som skulde fylgja  
henne i kista -

48. Pyntingi av liket laut vera  
som vadi gav høve til. Det  
var ikkje likt for alle.

49. Ukjent her -

50. Det var ikkje blonder  
på likklødi. Kista var ikkje  
pynta. Ha var svart. -



- 51 Kring 1900.—  
 52 No kjøper dei berre ferdige  
 likklede. Både lin, bomulls-  
 lakem og papir vest nytta—  
 alt eller som rådi jr.—  
 53- Ja, jammast.  
 54 Ukjent hos—  
 55 Dei var varsome—im den  
 au lidne hadde dregdd av smitt-  
 sam sykja  
 56 Ukjent hos—  
 57 —"  
 58 Ja, mange hadde kista  
 ståande ferdig. Det var og  
 mange som olja kista si  
 innsettfullt, so ho kunde  
 halda seg sterk—og vara  
 lengre i gendi—  
 59 Dei eldre likkistor folk  
 kan minnst var magla  
 & ikop—  
 60 Nauleg var det tri baste-  
 togbyklar på kvar sida på  
 likkistor til vakene.—  
 61. Ein snikkar i gendi—  
 62. Kista var svart. Dei måla  
 med kjønnsrøyk—  
 63 Kring 1914.—  
 64 Ukjent hos  
 65 Heolarson  
 66 Fjell med fin heolarson.  
 67 No vert alle likkistor kjøpte  
 ferdige. Dei er jammast kvite.  
 68 Ukjent hos — \*) Jå rida 11—  
 69 —"



74. sp. 68. Her er minne um at  
ei kona kring 1898 lagde  
bibel og salmebok på kista  
til mannen sin - over hovudet  
og ei sokk over fotene. Dette  
låg på kista til gravferdsdagen.  
Då tok ho det av.

70. Dei hadde jannast ein krans  
eller kross av blomar på kista

71. Ukjent her -

72. - " - "

73. - " - "

74. Då liket skulde verta lagt i  
kista var det vanleg at dei  
noraste i alle - og grammar  
kom til syngjehutt. Der vart  
det sungen - og lese. Var det  
ein kvinne som kunde tale vart  
det og gjort. Ofte vart kor-  
aren i kirken bedin um det,  
eller det kunde vera ein kjend  
kristen forkynnar. Dei sa dei  
skulde leggja (her nemnde dei  
namnet) i kista. -

75. Det var ei stille - og høg -  
kidsam samkoma. Dei fekk kokeje  
mat eller drikk, - og der var  
aldri dans.

76. Kista hadde dei i rimekatten  
året på ein sval (kjøleg) stad  
h. d. i kjellaren. Um vinteren  
stod kista ofte på låven. -

77. Ukjent her -

78. Kokor sers prydnad der kista  
stod - vart ikkje gjord. -







Tillegg til nr. 91.

Overlorer Jon Laberg  
1859 - 1948

fortalte at han kunde  
minnst at bestemor hans  
var eit kvitt lakei over  
herdane på gravferdsdagen  
for bestefaren, som døde  
1867. Gravferdi var på Ornes i Logn.

x

3. april 1957  
A. Sk.



96. For norsk tradisjon - er det ukjent her. -

97. Det lindra sorgi å finna medkjimla - og å få styrkande trøst. Mange av dei gamle var sterke til å trøste kvarandre i tru og bøn. -

Syngja ut liket. -

98. Gravferdi var alltid ein kvardag - aldri ein søndag. Det var ingen fast gravferdsdag, men jordferdi var gammalt 8. dagar etter dødsfallet. -

99. Det vanlege ordet her er "jaraferd". -

100. Avskil i heimen pella seg eller kistens hussomet var... Det stova liti tok dei ofte avskil ute på tunet. Kista vart då sett ned, og gravferdslyden stod kring - eller ved kista. Det vart både sunge og kala ute og <sup>101</sup>Loket vart ikkje teke av kista då. Dei som vilde sjå liket laut mōla fram - og sjå det fyrst. -

102. Ukjent her -

103. Dei sette eit - eller fleire lys på kisteloket. -

104. Rådi var avgjerande. Det var elles ingen skilnad.

105. Dei tok ljosi av - og sløkte dei. -

106. Ukjent her -



vera stilt og fredsam. Dette galdt alle - enten det var gard, lüsmannsplass eller annan busstad.

90. Dei skulde syna fin sønd- og ikkje gjera noko som folk skulde tykkja ikkje søndre seg for ein heim i sorg.

91. Det <sup>folk</sup> var tid meir med syngjetid var vel i røyndi ukjent. Men kring 1900 var det same som folk til å bera eit svart band um armen. Dette var meson.

Kvinner bar svarte hovudklutar i den tid dei gjekk med syngje- binnad. Elles ~~bar~~ der ~~der~~ kvite hovudklutar. -

92. Det vanlege arbeidet künde dei gjera. Men dei skulde syna alvorleg spaklynde - og ei fredsam livsferd. Dei måtte ikkje dansa - eller spela kort.

93. Støffull syngjebinnad var det vadt sjeldan å sjå. Dei gjekk i dei beste klødd dei hadde.

Sjå elles nr. 91 -

94 Ukjent hos -

95 Her det var folk som vilde "bera seg" sa dei at det laut brukast godt vit, eller dei måtte syngja med måte. Sker medkjinske vann dei som künde bera tung sorg med sjelstycke. -



leidas for kvar natt. Når dei kom inn kvelden tok dei til med å syngja og lesa. Det gjorde dei både ein og fleire. Men natti var ofte lang, og dei som var i vakertova skulde halda seg vakne. -

Da dei var trøytt av å lesa og syngja tok dei til å gita gåtor - og heldt gaman med ymse slag leikar. Ved slike tidar trøyte kunde nattelinas para fot. Likevel var det jarnar so at dei var leide av deile og. - Dei hadde feila med, og då tok dei til å dansa. -

På desse samkomne hadde det upphavely vere so at ved tilskipsingi av våkenetene vilde grammar i sin lugg fylgja den avlidne inn i evherium med sine gode yuskje og halde buste dei vunde ånder som kunde melinka den daude i å nå fram.

Men dette innhaldet kom bust. På resten var dansen det fremst for Kåte ringdomar. Vakertovone kom til å leggja skugges over si eigi natt. Lide våkenatt med dans her i



107. Ljosi tok dei av kista med det same dei var liket ut. —
- 108 Ljosi stod att heime. —
- 109 Dei som vilde gjera det sunnframt høgtidramt let det brenna lys siste natti i gamal tid. Dei vakte og låg ved kista. Men det vart ingi troyst ved det. — Det vart heilt den tunge stadfering at dauden hadde like sitt. Difor vart dette heilt nedlagt. I sine stader luv det berre att i greide segner inn det. — Den levande troyst er berre å finna ved krafti frå ferdis, kvin på iuppeloda lag det ewige liv. —
110. Det er segner inn at dei skulde vaka ved lekkipista kvar natt liket stod heime. Det var jannuar i alt 7 vaker, og dei nemnde det "sjond". Det var mest ungdomar som vakte. Ei tid var det so at dei i vakerstova skulde halda so mykje iro som råd var. Det skulde halda dei vande andene lunte frå den avlidne. Rattor kunde vera ei plaga. Dei kom og vilde eta av liket. — I vakerstovor var det elles so at det skulde vera ein



museet er likdøe. -

125 Ja.

126 Ja, gammel lid skulde dei  
ikkje seja kista ned. Var det  
langt å bera - byttest dei  
inn, det medan dei heldt kista  
uppe.

127 Ukjent her.

128 Kommer og menn gjerd i  
lag på heile gravpodi. -

129 Ukjent her

130 Ja nr. 128 -

131. Det er - og her vere vanleg  
meining. -

132 Ovesport var ukjent her.

Men ved mange slektsle stotte  
dei hadde line - eller gravlar.

133. På Tjuegum, der kyrkja  
ligg hadde dei ofte pynta  
hovudveggen.

134. Ja, no heist dei flagg.

Flagg var ikkje vanleg på  
gardane her for kring 1905. -

135. Flaggning er lukna på ora  
for minnet inn den avlidne.  
Her skal det seg mykje om den  
avlidne var. Vanleg er det  
alle noraste slekt - og noraste  
grammar som heist flagg. -

136. Jannart høste dei flagget  
til topps var dei høyrde kyrkja  
ringde - og gravpodi var  
ende. Men det er og drome på  
at dei hadde flagget på halv  
stong heile dagen til endes.



- bygdi var våren 1891. —  
 Då var det ein gammal  
 Kårmeann som var død. —  
 I slike høve pekte dei hendingi x)  
 meir som glede — enn som sorg.
111. Leste våkenatt her var 1891. —  
 112. Ukjent her —  
 113. — " —  
 114. Fram til innlag 1905 måtte  
 presten ikkje i heimen. Men  
 no er det vanleg at han gjir  
 det. —  
 115. Vanleg skikk part dette  
 i 1920 åsi. —  
 116. Fyrr den tid var det van-  
 leg at læraren i bygdi måtte  
 i heimen og talle då dei  
 var kirta ut. Her var det  
 klokkaren som gjorde det.  
 Han leide og songen. —  
 117. Ukjent her. —  
 118. — " —  
 119. Det var alltid dei noraste  
 skyldfolk som var liket ut, or  
 hurt. —
- x) Tillegg til nr. 110. —  
 Dei som var i vakertova fekk  
 mat inn natti. —
120. Nei  
 121. Her det same skikken endå —  
 122. Dei var lipkirta ut med  
 potenden fyrr.  
 123. Ukjent her —  
 124. Likdør var ukjent her.  
 I Østerstad-stova på Linnfjord —



145- Dei hadde line - eller  
grammar. -

146 Dei rykka den øyken  
dei hadde utan mynne til  
kva lit, det var på haan.

147 Ukjent her -

148 Dei kroyde so seint at  
dei som gjekk kunde fylgjje  
med.

149 Ukjent her -

150 Ein norrygd til den avlidne

151 Ja.

152 Ukjent her

153 -" -

154 -" -

155 Det var gamal tru at  
det skulde vera lukka å få  
døy ein søndag. -

På kyrkjegarden.

156. Dei norrygde lyfle kista  
av - og var liket til gravi.

157 Ukjent her -

158 -" -

159 Dei norrygde. Hadde dei bore  
liket lang my laut grammar  
ofte bytast inn, å vera -

160. Ukjent her -

161 I gamal tid møtte prestun  
med gravi, no møter han i  
kyrkja.

162 Ukjent her -

163 Ja, etter innlag 1920 eri  
er det vanleg -

164 - Sjå nr. 139 & 141 -



var sorgi var stor. —

137 Der dei kunde høyra kyrkjekvaka pella dei seg etter det, elles hørte dei fløyset på full stong, då dei som hadde vore i gravferdi kom heim frå kyrkja.

138. Med fløyting er det best framleis same skikk —

139 Til kring 1905 stoppa dei ofte og song ved kvar gardveg dei for forbi. Ved gravferder frå Kvalheim ved Busjøorden hadde dei denne vis. —

140. Her var gravmane med i gravferdi. Frå gardene elles gjorde dei ikkje noko tuten til likpyljet. —

141. Her var det vanleg at dei hadde likferdi til kyrkja. På likbåten var det ein eller fleire som hadde god songvøyst. Dei song på ferdi. Når det var godt vert, — og fjorden låg stille og blank var dette sær minneriket — og høgdramb. —

142 Ukjent her —

143. 7 Tjugiminstodi der kyrkjesbåtane lagde til lands var ei hella dei sette kista på, då dei var liket i land. Denne hella nemnde dei Lipesteinen.

144 Frå Lipesteinen skulde dei bera kista upp heilt til gravi.



178. Ekjent her.

179. Mellom dei andre gravene.

180. Ved gravferd for born som ikkje var døypte skulde dei ikkje ringja med kyrkjeklukka - og ikkje syngja ved gravi.

181. Dei måtte ved ei omor gravferd - og sette likes ned i gravi. - Dei stekte dei og inn i under kyrkjeveggen eller kyrkjegolvet eller i kyrkjemuren.  
Gravid.

182. Det vanlige ord her er "jæraperd".

183. Ein mann av noraste skyldfolket bad til jæraperd.

184. Det bad noraste kyrklyfolk og gravnar. Dette var gjort alt etter den råd dei hadde. Ved store brudlaup bad dei gjerne i ein vidare krets -

185. Han som gjekk med badi hadde verklege søndagsklæde. Star var det ikkje vanleg at han hadde.

186. Han skulde fara fram med spaklynde og ålvor.

187. Han helsa frå den eller dei som kosta gravferdi - og skulde spørja om han eller dei som stort bedne vilde vera med og fylgja den avr



- 165 Ukjent her -  
 166 Ja -  
 167 Det her her var so lenge  
 ein veit av.  
 168 Den vanlege nemning  
 kulegravar.  
 169 Kulegravaren kasta iipp  
 gravi inn morgon - gravferds-  
 dagen.  
 170. Ja, det var folk i grav-  
 ferd som kasta att gravi.  
 171. Etter jordferdingi var det  
 vanlig på Vangenes at  
 grammar tok ein neve torr  
 mold og kasta på kirta.  
 Dei sa at dei "gav"  
 den avlidne det. ~~I dette~~  
 172. Med dette fylgde det ynskje  
 at den avlidne skulde veta  
 til mold - men at han  
 og på den store dagen  
 skal standa iipp att til  
 evigt liv. -  
 173 Ukjent her  
 174. Dei gjorde ofte lite til  
 å pynte gravene.  
 175 Dei som held gravene  
 vedlike vil gjerne dei skal  
 vera pynte til kvifsimhelgi. -  
 Uvanlege minne.  
 176. I gammel tid gjorde han  
 ikkje det -  
 177. Dei tok kirta inn kyrkje -  
 muren.



- 193 Ukjent år -  
 194. Mei.  
 195. Mei  
 196 Dei bar sendingi med reg.  
 197 Dei gjekk i vanlege helge-  
 pleade.  
 198. Det kinde vera so ymse.  
 Gjekk dei med sending - og  
 ikkje var med i gravferdi - fekk  
 dei stinkom mat. Fekk det  
 sending til slike heimar som  
 hadde liti råd, da venta dei  
 ikkje å få nok.  
 199 Ukjent år -  
 200 - "  
 203 Mei  
 204 Jan.  
 205 Kransar tok dei til å  
 senda kring 1916. På  
 det tid var det mangt  
 som skifte. Folk fekk  
 meir pengar mellom hendene.  
 206. Dei nytta liti blomar til  
 gravferdene. Det år bil det  
 var blomar nok, å prima bratt  
 dei kranseme sjølve. Men haust-  
 ane laga dei kranse av lyng.  
 207. Dei noraste - og når det  
 var tung <sup>2009</sup> lagde kranse med  
 sløyfor. Dei fyrste som tok til  
 med det. Var i slutten av  
 1890 åri.  
 208. Or det mangt kranse vert  
 dei fleste lagde i gravi med  
 kiste. Dei største kranseme



lidne til gravi. Det var da  
sagt hva bil på dagen  
dei skulde møte fram.

188. Det kinde vera so ymse.

Hadde han fare langt og han  
kom til skillingar fikk  
han ofte mat -

189. Var folk utomim bygd  
vart bedm - sende dei ofte  
brev. Etter at telefonen kom  
i bruk var det ofte telefont.

190. I store gravferder kom folk  
ofte kvelden fyre gravferd-  
dagen, im dei hadde sagt

å fara, og dei var der da  
til morgonen etter <sup>gravferdi</sup> anleg

varle gravferdi ein dag.

191. Fra umlag 1880 fikk

dei som var med i gravferdi  
kaffi og smørbrød som dei  
sjelve smurde på - da dei  
kom fram, fyre gravferd-  
høgtidi tok til. Ofte trakk  
dei meir på kaffien og  
maten - enn å syne vordmat  
for den avlidne.

Etter gravferdi var  
det full middag. Ei god  
stund etter middagen var  
det kaffi med mange sortar  
brød - og kakor - med smør,  
ost og mange sortar på-  
legg.

192. Ukjent tid. - Det skulde  
vera god gjestebodsmat.



ungdomstus eller skule. Der  
 er det bordet a - alt eller  
 råd og høve. Er det full  
 middag for dei kopi med  
 kaker ei stund etterpå. Er  
 det kopi med smørbrød vel  
 det alle ei bordet a. Presten  
 og klokkeren er jammast  
 med på desse samkomne.  
 Til drikk med bordet for  
 dei vanleg vörteröl og bris.

Ved slike gravfester  
 kinnogjer dei ofte ved lysing i  
 bead at dei som vel fylgja  
 til grav er lijarleig vel  
 komme i heimen eller der  
 minnetogtidit tek til. Då  
 vert det ikkje lude på  
 annan måte.

Lysing kjem fyrst  
 inn dødfallet og etterpå  
 inn gravfoti. Tine lyer  
 berre ein gong.

211. Gja' nr. 210. -

212. Her i bygdi vart det  
 vanleg med lysing inn  
 dødfall i 1930-åri. -

Balestrand, den 3. april 1957

A. Skåshem. -



vert - da lagde uppe på gravi -  
 209. Dei kranse som vert  
 lagde på gravi ligg der  
 til dei vert so tørre at  
 dei vert tekne bort. Turre  
 kranse vert det ikkje teke  
 vare på. - Ved store grav-  
 ferder vert stindom lagde  
 sylvekranse. Dei ligg på  
~~gravferda~~ til dei tek kista ut  
 til gravi. Eller gravferdi vert  
 slike kranse ofte hengde  
 på veggen i heimen - eller  
 dei vert gjevne til bygdemuseum  
 til minne om den antikken. -  
 210 Dei gammaldage gravferdene  
 krevde mykje arbeid og stor  
 fyrsteking. Bondar som stort  
 seg godt hadde jararods-malt  
 ståande ferdigt. For heima-  
 bryggja öl skulde dei ha.  
 Og da vert det ikkje tid å  
 mella til ei gravferd. Dei hadde  
 da malttunna full med  
 malt. Ho stod på ein turr  
 stad. Det var sterk brenn på  
 tunna, og eit lok med  
 järnkumpå. Dei lerte tunna  
 att med eit sterkt lås. -  
 Like store grav-  
 ferder slutta dei med kring 1905.  
 Ho er det vanleg at dei som  
 er med ved gravi - etter jord-  
 festingi vert bedne med til  
 samkomma på hotell i bedehus.